

# Innkalling til instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

**Møtetid:** onsdag 25. mai 2022 kl 12.15

**Stad:** Rom 217, HF-bygget

## **Desse er kalla inn:**

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden, Lene Johannessen, Ingunn Lunde, Kari Soriano Salkjelsvik

Frå gruppe B: Runa Falck

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: Anja Eriksen, Christine Marie Mowinckel Fagg, Jihad Ammar Al-Mahdi

*Dersom nokon ikkje kan møte, må dei be vararepresentant om å stille i staden for seg.*

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

## **Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 6. april**

Referatet frå møtet 6. april vart sendt ut 26. april 2022. Det kom ingen merknader.

## **Sak 3 – orienteringssaker**

- a) orientering om instituttøkonomien så langt i 2021 (vedlegg ettersendast)
- b) orientering om dei fem utlyste stipendiatstillingane
- c) referat frå dialogmøtet mellom fakultetsleiinga og IF (vedlegg)
- d) søkjartala til faga ved IF i 2022
- e) val til instituttrådet av nye representantar frå gruppe B (mellombels tilsette) og D (studentar)

## **Sak 4 – Utlysing ph.d.-stipendiat ukrainsk (vedlegg)**

Instituttleiar legg fram til diskusjon spørsmål om strategisk bruk av stipendiatstillingar på instituttet.

## **Sak 5 – OFNEC (to vedlegg)**

Instituttet har fått spørsmål frå fakultetet om vi ønskjer å halde fram med samarbeidet med OFNEC-senteret i Caen. Instituttleiar ber om innspel frå instituttrådet.

#### **Sak 6 – HMS-årsplan** (vedlegg)

Instituttleiar har i samarbeid med verneombod og administrasjonskonsulent utarbeida ein handlingsplan for HMS-tiltak for resten av 2022.

*Framlegg til vedtak: Instituttrådet vedtar HMS-årsplan for 2022.*

#### **Sak 7 – Bemanningsplan – høyringsinnspel**

Fakultetet har lagt opp til ein høyringsrunde med institutta om prinsipp og premiss for bemanningsplanen for HF. Høyringsfristen vil vere i byrjinga av juni. Instituttleiar ber om instituttrådet si tilslutning til at høyringssvaret vert utarbeida etter ein innspelsrunde på e-post.

#### **Sak 8 – Japansk master** (to vedlegg)

Instituttet har dei seinare åra arbeidd for å få etablert masterstudium på både kinesisk og japansk. Kinesiskfaget tek opp sitt første kull med masterstudentar hausten 2022. Japanskfaget ventar på godkjenning frå fakultetet for at prosessen med godkjenning av masterprogram kan gå vidare.

*Framlegg til vedtak: Instituttrådet støttar arbeidet med å oppretta eit masterprogram i japansk.*

#### **Sak 9 – Strategi** (vedlegg)

Instituttleiar inviterer instituttrådet til ein grunnleggjande evaluering av eksisterande strategi.

#### **Sak 10 – ymse**

Martin Paulsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef